Avkøyrsla skal tilfredsstille krava i forskrift om avkjørsler fra offentlig veg.

Det skal sendast inn situasjonskart i målestokk 1:500, der plassering av bygg vert vist og avkøyrselen vert teikna inn med bredde, svingradius og frisikttrekant.

**Nærare om frisikt**
Det skal vere uhindra sikt i eit område langs den kommunale vegen på kvar side av avkøyrselen. Sikta kan teiknast opp som sikttrekantar der augepunktet er i avkøyrselen. Storleiken på området vert bestemt av fartsgrensa på staden.

- For vegar med fartsgrense 30 km/t er krava til frisiktsone L1=20m og L2=3m
- For vegar med fartsgrense 50 km/t er krava til frisiktsone L1=45m og L2=4m

Eksempel på frisikttrekant er vist i figur 1.

Frisiktområdet skal vere fri for sikthindringer høgare enn 0,5 m over nivået til hovudvegen. Enkeltståande tre, stolpar og liknande kan verte godtatt. Tre i sikttrekanten bør plasserast slik at trekronen ikkje hindrar sikt.




Figur 1: Frisiktområde